

til dette. — Vintersumarstid står det gamle tomtene, og med fiskestong og elvestryket under

Fossemotoren

Av Torger T. Hovi *)

ess 1906 — 6 i «Valdres»

inger, som man her i
es drift. Jeg ved, at
ad der nu trænges, er
tlig på distriktets be-
; det nye kommunika-
kningen, erklærer jeg

okale på Nes:
re tilstede ved denne
opfordringen, da jeg
ter for den smukke og
befolkning, og er kun
av min hustru og søn.
or lenge, før også min
r mig en stor glede at
om I lenge har ønsket
distrikt ved jernbanen
I jeg udtale håbet om,
dette distrikts utvik-
at distriktet må se sig
I og ber Dem rope et

Frå småguttida mi hugsar eg verksemda ved Hovifoss. Tidlegare hadde det elles vore både mølle og sag ved Hovifoss. Dei var på austsida av fossen. Det var Hovigardar som hadde bygt og dreiv desse gjennom mange år, men dei var nedlagde. Det var så to brør frå Voldu, Andris Vestheim og Torleiv Jørstad, som kjøpte fallrettar på vestsida av Hovifoss. Dei brukte som ein ser ulike etternamn. Dei hadde kvar sin son som baa heitte Torleiv. Saman bygde desse opp ei allsidig verksemd ved Hovifoss. Her var mølle, sagbruk, høvleri og verkstad.

Ved Hovifoss var det i mange år no stor trafikk. Serleg om vintrane. Mølla var rekna for å vera av dei beste på lang leid. Den var driftsikker sjøl om vatnet kjøvde burt andre stader. Og folk kom frå alle leider for å få male kornet sitt og få utført ymse anna arbeid. Meste trafikken gjekk over Hovisen. Men så kom Volbufjordreguleringa i 1918—20. Isen vart meir usikker, og ferdsla til Hovifoss gjekk sterkt ned.

Dei fire karane ved Hovifoss hadde serlege tekniske anlegg, og på verkstaden deira vart det sysla med dei utrulegaste ting. Serleg hadde Andris og Torleiv son hans ord for dette. Mange såg på Torleiv A. som eit teknisk geni. Saman bygde desse to opp ein ny landbruksmotor som seinare vart forbetra av ein kjend motorfabrikk og kom til å bety mykje for vårt næringsliv gjennom mange år.

Andris og Torleiv fann opp ein ny forgasar, slik at ein kunne starte på bensin og så gå over til parafin, eit billigare drivstoff. Folk heroppe sa det seinare slik at dei to forsømde

*) Denne artikkelen tek opp same emne som «Kunstnarane ved Hovfossbruk» av Martin Sælid (sjå s. 68). Skriftstyraren ser ikkje dette som uheldig, men tvert om som ei verdfull utfylling.